

# ÅRSMELDING VALLE OG HYLESTAD SOKNERÅD 2017



Vedlegg til årsmeldinga:

Kyrkjeleg årsstatistikk for 2017

## **Organisering av kyrkja**

Av kommunen sine 1225 innbyggjarar er 1011 medlemmer i Den norske kyrkja. Valle og Hylestad sokn er eiga, juridisk eining, soknerådet er øvste organ. Soknerådet bestod i 2017 av seks valde medlemmer, sokneprest og kommunen sin representant.

Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og skal i utgangspunktet vere til stades når soknerådet handsamar saker av fellesråds karakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjefjefen er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjefjefen har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og utfører arbeidet saman med andre kyrkjeleg tilsette og friviljuge

### **Arbeidet i soknerådet:**

Soknerådet sine primær oppgaver er nedfelt i §9 i kyrkjelova:

- Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt til alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.
- Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.
- Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet,

### **Medlemer i soknerådet 2017:**

Leiar: Astrid Nomeland

Nestleiar: Lisbeth D. Homme

Siri Melhus

Gunveig Kaarvann

Liv Bjørgum Ryningen

Ragnar Aspholm (permisjon)

Sissel Åkre

1. Vara: Pål Dale

2. Vara: Bente Bjørgum

3. Vara: Birgit Flaten

Terje Seilskjær – gjekk av med AFP sommaren 2017

Tom Martin Berntsen – sokneprest frå slutten av august 2017

Frå kommunen møtte: varaordfører Knut Hagen

Vara for kommunen sin representant er Margit Dale

### **Utval og nemnder**

#### **Arbeidsutval:**

Soknepresten, kyrkjeshjef, leiar og nestleiar av soknerådet. AU førebur soknerådsmøta og avgjer mindre saker. AU har oftast hatt møte om lag fjorten dagar i forkant av soknerådsmøtet.

#### **Felles arbeidsutval med Bykle:**

Valle og Hylestad sokneråd har og hatt felles AU med Bykle, - mellom anna i samband med oppfølging etter bispevisitasen.

#### **Styringsgruppe for struktur- og strategiprosess:**

I 2016 gjorde soknerådet vedtak om å sette i gong ein struktur- og strategiprosess.

Styringsgruppa la fram ei sak for sokneråda i 2017. Vedtaket som fekk mest røyster, vart:

- Det blir starta ein prosess med å etablere ei forsøksordning med eit interkommunalt kyrkjeleg fellesråd for Valle og Hylestad sokn og Bykle sokn.
- Forsøksordninga startar etter kyrkjevalet i 2019, og held fram ut perioden. Midt i perioden blir det gjort ei evaluering av ordninga, som gjev grunnlag for å vurdere vidareføring eller ikkje, i god tid før kyrkjevalet i 2023.

- Prosessen må finansierast for å kunne bli sett i gong.

Det er no sett ned ei arbeidsgruppe med to medlemmer frå Bykle sokneråd, to frå Valle og kyrkjevevjerjer. Dei skal arbeide for eit tettare samarbeid mellom sokna.

### **Valle og Hylestad diakoniutval:**

#### **Årsmelding for Diakoniutvalet i Valle og Hylestad 2017:**

Diakoni handlar om å bry seg, om å møte menneske der dei er. Den utfordrar kvart einskilt menneske til å sjå, høyre og ta på alvor dei som kjem i den einskilde sin veg. Det handlar om å skape naturlege møteplassar med rom for glede, sorg, sinne, handlingslamming, fortviling, bitterheit, skuldkjensle, refleksjon og samtale.

**Diakoniutvalet i 2017:** Astrid Nomeland(leiar), Gunveig Kaarvann, Anna Heggland(prostidiakon) og Bente Bjørgum. Jorun Høyland har permisjon.

**Utvalsmøte:** Diakoniutvalet har hatt 2 møter og handsama 4 saker.

#### **Aktivitetar:**

- Tilbod om kyrkjeskys.
- Kyrkjekaffe etter gudstenestene.
- Oppfølgingsteneste for etterlatne ved dødsfall. Samarbeid med Bykle og Bygland.
- Besøkeneste. Det er 4 som har fått besøk og 5 som besøker.
- Diakonens dag 7.mai i Valle kyrkje. Prestegardsforeininga i Valle fekk eit gåvekort på Bergtun for trufast arbeid i kyrkjelyden gjennom mange år. DU serverte kveldsmat i Meinighetshuset etter gudstenesta.
- Temakveld 4.september, «Å snakke sant om livet» ved prostidiakon Anna.
- Gudsteneste i Valle kyrkje 10.september med presentasjon av neste års konfirmantar, DU serverte pølser etter gudstenesta.
- Hausttakkefest 24.september i Hylestad kyrkje. Jordbruksklubben pynta kyrkja og DU hadde med kaker og kaffe.
- Medlemer i Kirkens SOS er Unni Hillestad og Bente Bjørgum.
- DU har arbeidd for ein retreatdag med Ulla Kall.

**Økonomi:** Valle og Hylestad sokneråd har kyrkjeoffer til diakoniutvalet.

Bjørgum, 12.februar 2018

Bente Bjørgum

#### **Utval for ombygging av Valle og Hylestad kyrkje:**

Bjørgulv T. Berg – leiar, spr. Terje Seilskjær, Henrik West, Mattis Tiedje, Karin Bøe og Sissa Ringstad sekretær. Utvalet har ikkje kome lenger med arbeidet i 2017

#### **Trusopplæringsutval:**

Bjørgulv T. Berg, Siri Melhus, Tone Rysstad og Lisbet H. Homme.

#### **Luther utval: (felles for Bykle og Valle)**

I samband med at det var 500 års jubileum for den lutherske reformasjonen i oktober 2017 var det sett ned eit utval som skulle arbeide med ulike tilskipingar. Desse var med i utvalet: Organist Henrik West, sokneprest Terje Seilskjær, Sissel Åkre og Kjell Hagestad.

## Reformasjonen 500 år

Utvalet for jubileet skipa til ei rekkje arrangement i samband med jubileet.

- 22. mars – Tore Thomassen «Martin L og Tore T», forteljingar, salmar og songar.
- 24 april – Framsyning av Luther-filmen
- 20. – 26. mai var det Luther-tur til Tyskland for å besøke stader der Martin Luther vart fødd, hadde sitt virke og slo opp dei 95 tesene. Det var ca 40 deltakarar frå heile Setesdal med på bussturen.
- 13. september – Foredrag «Det lutherske i det nasjonale» med Anders Aschim, professor i religion, livssyn og etikk ved Høgskolen i Hedmark.
- 10. oktober - Foredrag «Luther og politikk» ved Kjetil Glimsdal, ordførar i Grimstad. I samarbeid med Valle kommune.
- 31. oktober – 500 års jubileumsgudsteneste på reformasjonsdagen. Med bøndar og barn, konfirmantar og kulturarbeidarar, songarar og spelemenn, ordførarar og bladfolk i regi av spr. Tom Martin Berntsen. Etter gudstenesta var det «festkyrkjekaffi». Foreldra til konfirmantane stod for kaker pluss ei stor marsipanake med «Luther-rose» som Gro Oddny Helle hadde baka.

### Reiseskildring frå Lisbeth D. og Knut Homme:

I Luthers fotspor, 20.-26. mai 2017. Ei soknereise for Valle og Bykle, lagd opp og leidd av organisten vår, Henrik West. Henrik hadde samla mykje stoff om Luther, og han presenterte det på ein sers god måte på heile turen. No var det Luther-jubileum, det var 500 år sidan Martin Luther slo opp dei 95 tesene mot paven på kyrkjedøra i Wittenberg.

Laurdag morgon reiste vi med Risdal Touring-bussen frå Valle og til Kristiansand for å ta ferja til Hirtshals. Etter 4 timar i roleg sjø var vi i Danmark og køyrde beinveges til Wittenberg i Tyskland.

I Wittenberg besøkte vi Lutherhaus, museet over Martin Luther, og Stadtkirche og Schlosskirche. Neste dag besøkte vi Torgau. Der såg vi på slottskyrkja som låg ved Elben. Turen gjekk vidare til Eisleben, der var Luther fødd i 1483. (Han levde til 1546). Erfurt var den neste byen vi besøkte. Det var ein eldgamal og vakker by.

I Eisenach besøkte vi m.a. Bach-museet. Luther var i Eisenach i 10 månader i 1521 etter domen i Worms. Han vart bortført av vener til Wartburg, der han arbeidde med omsetjinga av Bibelen til tysk.

Heimvegen gjekk via den danske byen Haderslev. Vi vandra ein tur om kvelden, og vi var innom kyrkja i byen, ei gotisk domkyrkje.

Turen til Tyskland var rik på opplevingar. Henrik var ein kunnskapsrik, koseleg og flink reiseleiar. Takk for ein triveleg tur.



## Fellesrådsarbeid

### **Tilsette og personalansvar:**

Soknerådet hadde ved inngangen til 2017 arbeidsgjevaransvaret for om lag 2 årsverk fordelt på 4 tilsette:

- Kyrkjesjef Anne Kirsten (Sissa) Ringstad, 60 % kyrkjeverje, 40 % kyrkjelydsarbeidar.
- Henrik West organist i 60 % stilling.
- Martin Wikstøl, ungdomsleiar/trusopplærer 20 %.
- Inger P. Rysstad, 16 % reinhaldar.
- Karin Bøe, 15 % klokkar/kyrkjetenar.

### **Ungdomsleiar/trusopplærer:**

Martin Wikstøl er tilsett som ungdomsleiar/trusopplærer .Stillinga er eit samarbeid mellom Valle og Bykle og er til saman på 40 %.

Stillinga vert delvis finansiert av midlar kyrkjelyden får til trusopplæring.



### **Årsmelding for ungdomsarbeidaren 2017**

Ungdomsarbeidet i Valle og Bykle har hatt et flott år med forholdsvis god oppslutning på ungdomsarrangementer og mye god relasjonsbygging mellom ungdomsarbeider/menighet og ungdommene.

Skolelagsmøtene er veldig godt besøkt. De arrangeres annenhver tirsdag i langfri på Bykle skule og den andre tirsdagen på Valle skule. I Bykle pleier det å være omkring 10-15 elever hvert møte og i Valle ligger antallet på 15-20 elever. Det har vært opp mot 30 stk på det meste både i Bykle og i Valle. På lagsmøtene får elevene litt snacks, vi leker gjerne en lek eller har en kahoot, før jeg deler Guds ord og ber med ungdommene. Det kan oppleves litt tungt å reise til skolene på tirsdagene, men jeg reiser som regel alltid fra skolelaget oppløftet og med et smil om munnen.

Konfirmantarbeidet i fjor vår hadde jeg ansvar for alene. Det var en god erfaring og gav mange flotte opplevelser sammen med konfirmantene. Jeg ble veldig godt kjent med ungdommene og opplevde at jeg fikk formidlet Guds hjerte til dem i undervisningen og ikke minst gjennom det gode fellesskapet vi

hadde. Denne høsten har jeg hatt konfirmantundervisningen sammen med Tom Martin og det har vært veldig positivt. Tom er en klok mann jeg lærer masse av og det er fint å samarbeide med ham om konfirmantarbeidet. Han kommuniserer også bra med ungdommene. Også er det ekstra stas når Teddy er med.

I Bykle har jeg drevet ungdomskveldene vi har kalt PizzaHalleluja (navngitt av en av fjorårets konfirmanter). Dette er annenhver tirsdag kveld. Her har vi det veldig fint. Det er en fast kjerne med ungdommer som kommer. Vi er ikke så mange, men til gjengjeld er de som kommer veldig trofaste og vi har det så fint sammen. Her spiser vi pizza, spiller playstation, biljard og kjaser. I løpet av kvelden har jeg en andakt og vi ber sammen. Vi pleier å avslutte kveldene med litt bom femti oppi kirka. Dette er en fin anledning til å bli kjent med kirkerommet og kjenne på tilhørighet til sin kirke, tenker jeg.

I Valle har det vært vanskelig å få til noe på kveldstid. Jeg har hatt både krik-samlinger i hallen og ungdomskvelder på menighetshuset, men det ser ikke ut til å slå helt an. Jeg tror det delvis er fordi at ungdommene i Valle er engasjert i så mye i utgangspunktet. Den kommunale ungdomsklubben, kulturskolen, fotball (og scooter?? ☐) er noen av aktivitetene vi "konkurrerer" med. Det har vært utrolig flott å få lov til å trene guttelaget til Valle IL i fjorårssesongen, sammen med Leif Røysland. Det er så bra med en raus kirkeverge i Valle som ser verdien i dette og lar meg få engasjere meg i idretten som en del av jobben. Jeg har fått bygge noen relasjoner med ungdommen her som jeg ikke ville fått ellers. I sommer var vi på Norway cup og det var kjempes fint!

I løpet av året har det også vært arrangert Byklekonferanse og Fjols til fjells (ungdomshelg i Bykle). Dette har vært åpne arrangementer for ungdommene våre og noen har vært med på dette.

Alt i alt har det vært et godt år. Det har til tider vært litt tungt å holde på, mye fordi at det er lang reisevei, arbeid på egenhånd og ei uke mellom hver arbeidsøkt. Men samtidig er det utrolig givende og meningsfullt å få drive på som ungdomsarbeider i Valle og Bykle!

Martin Wikstøl

### **Organist:**

Henrik West er tilsett 60% i Valle og 40% i Bykle.

Frå 1.1.2018 er stillinga endra til 50 % i Valle og 50% i Bykle.

### **Kirkemusikk i Valle og Hylestad sokn 2017**

Året 2017 ble sterkt preget av reformasjonsjubileet – også når det gjelder kirkemusikken. Jubileet var en god anledning til å skape oppmerksomhet omkring reformasjonens betydning for musikkens plass og funksjon i kirka. Derfor ble det i årets løp en del ekstra arrangement som satte fokus på arven fra reformasjonen.

Men før vi begynte på reformasjonsfeiringen, var det bispevisitas i Valle og Bykle i februar. Som en del av visitasen ble det arrangert en Kulturkveld i Storstoga i Valle d. 8. feb. med en lang rekke musikalske innslag fra lokale folkemusikere m.fl. som satte fokus på det rike kulturliv her i dalen. Også på visitasgudstjenesten den følgende søndag var det ekstra sang og musikk, bl.a. med noen innslag fra musikalen om Noa som Familiekoret hadde fremført høsten 2016.

Som en del av reformasjonsfeiringen ble det arrangert en soknereise til Tyskland «I Luthers fotspor» d. 20.-26. mai der undertegnede var reiseleder. Som både organist og teolog var det naturlig for meg å vise til koblingene mellom musikk og teologi på denne turen, og dette ble i særlig grad understreket med et besøk på Bach-museet i Eisenach.

Etter et vellykket forsøk med fem sommerkonserter i 2016 ble det besluttet å jobbe videre med dette initiativet i 2017. Konsertserien ble utvidet til sju konserter med et samlet budsjett på ca. 80.000 kr. Utgiftene ble dekket av bidrag fra Bykle og Valle sokn (20.000 kr.), sponsorene (52.000 kr.) og kollekt (10.000 kr.). Det var fri entré på konsertene, og det kom i gjennomsnitt over 50 publikummer på konsertene. Både publikum og artister var godt fornøyd. Se særskilt årsmelding for dette tiltak!

Ellers har de vanlige aktivitetene fortsatt omtrent som de foregående år:

Jeg har besøkt Bygdeheimen cirka annenhver uke, dels for å spille på andakter, dels for å bidra med sang og musikk på dagsenteret. Det oppleves fortsatt veldig meningsfullt å bidra med noe som skaper liv og glede i livet til de eldre på heimen og i bygda, og jeg får mye god respons for dette initiativet.

Familiekoret i Valle har også vært aktiv i 2017. Koret sang bl.a. på 2. påskedag, på jubileumsgudstjenesten 31. oktober, på misjonsbasar 4. november og på julegrantenning i Valle sentrum lørdagen før 1. søndag i advent. Koret har slutta med faste samlinger annenhver uke og øver nå bare i forbindelse med opptredener.

Oversikt over konserter og andre musikalske arrangement, arrangert av Valle og Hylestad sokn i 2017:

**6. jan. Draumkvedet m. Harald og Mari Foss og Torgeir Hefre** (Valle kyrkje kl. 19.00)

Som nyttårskonsert ble det arrangert en konsert med Draumkvedet.  
Inngangspenger: 100 kr. (u/18 gratis). Kollekt.

**8. feb. Kulturkveld m. Hallvard T. Bjørgum, Gunnar Stubseid, Sigurd Brokke, Kirsten Bråten Berg, Sigrid K. Jore, Øystein Kikut m.fl.** (Storstoga i Valle kl. 18.00)

I forbindelse med bispevisitasen ble det arrangert en Kulturkveld for hele bygda for å vise frem noe av den kulturelle mangfoldigheten i dalen og for å samle inn penger til Kirkens Nødhjelp.  
Gratis inngang. Kollekt til Kirkens Nødhjelp.

**22. mars: Sangkveld med Tore Thomassen** (Spelestoga i Valle kl. 19.30)

Forfatter og musiker Tore Thomassen fortalte om reformatoren Martin Luthers liv og salmer.  
Gratis inngang.

**30. juli: Folkemusikk-konsert med Gunnar Stubseid, Kirsten Bråten Berg, Sigrid Bjørgulvsdotter Berg, Eldbjørg Trydal Rysstad og Henrik West** (Hylestad kyrkje kl. 13.00)

Konserten ble arrangert i forbindelse med Setesdalskappleiken.


**31. august: Konsert med «Anda»** (Hylestad kyrkje kl. 19.30)

Den svenske folkemusikkgruppa «Anda» fremførte sine egne tolkninger av Lina Sandell-sanger.  
Inngangspenger: 150 kr. (u/18 gratis). Kollekt.

**7. oktober: Orgelkonsert med Henrik West** (Valle kyrkje kl. 15.30)

Konserten ble arrangert i forbindelse med Sauesjø. Det var samtidig en ikon-utstilling i kirka.  
Gratis inngang.

**22. oktober: Konsert med Anna van Driel m. band** (Valle kyrkje kl. 17.00)



**22. november: Orgelkonsert med Henrik West** (Valle kyrkje kl. 19.30)

Det var nordtysk barokkmusikk på programmet, satt sammen som en orgelmesse. Dette var siste arrangement i forbindelse med reformasjonsjubileet.

Gratis inngang. Kollekt.

**17. desember: Julekonsert med Anne Karin Kaasa og Bjarne Stølen** (Valle kyrkje kl. 19.30)

Bjarne Stølen presenterte musikk fra hans nye juleplate og Anne Karin Kaasa sang.

Inngangspenger: 150 kr. (u/12 år gratis) .

6. feb. 2018

Henrik West

organist i Valle og Bykle

**SOKNEPREST**



Terje Seilskjær har som tidlegare nemnd gått av med AFP. Den 27. august 17 blei Tom Martin Berntsen sett inn i tenesta som sokneprest i Bykle og Valle. Stillinga som sokneprest er redusert til 75 % i Bykle og Valle.

**Samarbeidsprosjekt i prostiet - prostidiakon:**

Prostidiakonstillinga blir finansiert av sokneråda i prostiet (kommunane Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle). Valle og Hylestad sokn sin del i dette, svarar til 10,5 % stilling.

Stillinga blir utvida til 100 % i løpet av 2018.

### Stabsmøte:

Dei tilsette har hatt jamlege stabsmøte, om lag ein gong i månaden. Ettersom både prest og organist jobbar i både Valle og Bykle, og det er få tilsette totalt, er stabsmøta felles for Bykle og Valle, annankvar gong i Bykle og Valle. Kyrkjefjefen i Valle skriv innkalling, og kyrkjevjerja i Bykle skriv referat. Dei deler på å leie møta. Det er venta at kyrkjetenaren møter på dei møta som er i sin kommune, elles vel tilsette i små stillingar sjølve om dei vil møte. Prostidiakonen er også med av og til.

### Gudstenester:

Kvart år vert det fylt ut kyrkjeleg statistikk for året som gjekk. Den er med å danne grunnlag for nasjonale statistikkar. Generelt kan det seiast om Valle og Hylestad, at dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon, vigsler og gravferder ligg på eit stabilt nivå ut frå folkesamansettinga i kommunen. Utmeldingar og innmeldingar er det få av i løpet av eit år. No vert det halde gudsteneste 1 gong i månaden i kvar kyrkje, det vil sei annankvar sundag i Valle og Hylestad.

Totalt tal deltakarar på gudstenester:

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
2615	2247	2594	2189	2564	2517	2261	2169

I Valle og Hylestad er faste gudstenester og kyrkjelege handlingar gjennomført slik:

- Familiegudsteneste (Kyrkjerottene teater i 2017) med utdeling av bøker til 4-åringar og 6-åringar.
- Skulegudstenester.
- Konfirmasjonsgudstenester og samtalegudstenester med konfirmantane.
- Allehelgensdag-gudsteneste med minning av dei døde.
- Ljosmesse i adventstida, med deltaking av konfirmantane.
- Høgtidsgudstenester (jol, påske og pinse).
- Gudsteneste på nasjonaldagen.
- Friluftsgudsteneste på Tveitetunet.
- Diakoniens dag.
- Hausttakkefest v. Valle og Hylestad diakoniutval.
- Midnattsmesse nyårsaftan.

Sjå vedlegg kyrkjeleg årsstatistikk.

### Møte og samlingar:

Soknerådet skipa og til påske-frukost 2. påskedag. «Kvinnenes internasjonale bønnedag» 3. mars og møte med Israelsmisjonen 2. april.

### Trusopplæring:

Soknerådet sitt arbeid som vert følgt opp av kyrkjefjefen.

Dette vart gjennomført i 2017:

- Utdeling av CD med barnesongar til 1 åringar.
- Invitasjon til 4-årsbok. Ei samling i kyrkja før utdelinga.
- Invitasjon til 6-årsbok. 4-åringane og 6-åringane fekk boka si då kyrkjelyden inviterte til teater med kyrkjerottene .
- Fakkeltog og adventstund i Valle .

- Tårnagent for 8-åringar i Valle.
- LysVaken - 2 årskull i 2017.
- Leiar på KonfAction.



#### **Familiekoret:**

Familiekoret hadde 8 øvingar og ein fest for medlemene. Koret song på to gudstenester og ein basar.

#### **M-gjengen:**

I 2017 hadde Lisbeth H. Homme og Irene Brokke eit arbeid for barn på Nomeland bedehus omlag ein gong i månaden.

#### **Konfirmasjon:**

Konfirmantarbeidet er eit viktig satsingsområde for kyrkjelyden.

Soknepresten og ungdomsarbeidaren planlegg og har undervisning.

Kvart år deltek konfirmantane på **KonfACTION**, som er ein konfirmantleir med rundt 1000 deltakarar i Bø i Telemark i regi av **KRIK**. Leiren er obligatorisk og ein del av konfirmanttida. Soknerådet betalar deltakaravgift for alle konfirmantane. Foreldra er med i den praktiske gjennomføringa.

I tillegg er det 10-12 samlingar á 2 timar med undervisning spreidd ut over skuleåret.

#### **Samarbeid med andre**

##### **Ungdomsarbeid:**

Soknerådet stør arbeidet som **Allidrettsklubben** driv i Valle, med å dekkje kostnadane til annonser i Setedølen. Ein laurdag i månaden har det vore samling i Vallehalli, med idrett og andakt. Primus motor for klubben er Ingunn Røysland. Klubben er for dei som går i ungdomsskulen og oppover.

##### **Solidaritetsarbeid:**

Misjonsprosjekt: I 2017 vidareførte soknerådet samarbeidsavtalen med Stefanusalliansen om å stø arbeidet deira i Egypt. Det er hovudsakleg ofringar frå gudstenester som har gått til dette. Maggie Gobran står bak eit stort arbeid blant koptarar på «søppelfjellet» i Kairo. Det handlar om å gje born og unge hjelp og støtte til utdanning, eit sosialt nettverk og ballast til å klare seg i framtida.

Kyrkjelyden samla inn kr 22.448,- pluss kr. 27.458 – som kom inn i kyrkjesjefen sin jubileumsbasar.

**Kirkens Nødhjelp:** Konfirmantane deltek på fasteaksjonen. Takkeofferet 17. mai går til Kirkens Nødhjelp. Saman med kyrkjeoffer vart det samla inn 39.748.- i 2017.

### **Informasjonsarbeid:**

Folk blir informert om kva som skjer, gjennom kyrkja i Bykle og Valle sine heimesider: <http://www.Valle.kyrkja.no>. Kyrkja har og eige «facebook»-side: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad. Setesdølen er positiv til å ta inn bilete og stykke om ting som rører seg i kyrkjelyden. Ein brukar annonser i Setesdølen, Bygdenytt, plakatar, og "Kva skjer"-kalenderen på Valle kommune sine heimesider. Elles munnleg informasjon i kunngjeringane i gudstenestene.

## **Kyrkjer og kyrkjegardar**

Kyrkjene er i god stand. Valle kyrkje vart måla utvendig 2017.

**HC – toalett:** I 2017 blei damettoalettet i bårhuset i Valle gjort om til HC-toalett. Det same vart gjort i Hylestad, men her bruka ein herrettoalettet. HC-toalettet i Hylestad blir ferdig i løpet av våren 2018.

### **Kyrkjegardane:**

På Hylestad og Valle kyrkjegard er det nok av ledige graver. På baa kyrkjegardane er det ein del ledige graver på den eldste delen av kyrkjegarden. Folk ynskjer i størst mogeleg grad å bruke graver dei allereie festar, eller ledige graver i nærleiken av graver dei festar.

Kommunen tek seg av vedlikehaldet på kyrkjegardane. Bårhuset i Hylestad vart måla.

### **Kyrkjestoge:**

Hausten 2018 skal biblioteket med kyrkjestoge og kyrkjekontor vere ferdig. Etter ei lang tid kan ein endeleg sjå fram til nye lokale for møteverksemd og basarar. Det blir ei fin kyrkjestoge med eit dugeleg kjøkken.

## **Økonomi**

Etter kyrkjelova § 15 får kyrkja det meste av sine midlar frå kommunen. Anna kjem frå staten og egne inntektskjelder.

Valle og Hylestad sokneråd har eit årleg driftsbudsjett på om lag 2 millionar. Av dette går om lag 1.6 millionar til løn og faste utgifter, som straum, forsikring, reparasjonar. Omlag kr 350.000 går til gravferder og drift av kyrkjegardane. Kyrkjelydsarbeidet vert stort sett drive av innsamla midlar. Det resterande går stort sett til kyrkjelydsrelaterte aktivitetar, som trusopplæring, gudstenester med meir. Sjå rekneskap 2017.

## **Planar framover**

Valle og Hylestad sokneråd ynskjer å jobbe med utfordringane ein fekk av biskopen etter visitasen i februar 2017.

**1. Gudstenesta.** Jobb vidare med messa, både med innhald, kvar, kor mange og når. Det siste særleg i forhold til påske og turistar. Eg oppmodar dykk til å tenke at messa i nabokyrkja er di messe, like mykje som messa i eiga kyrkje.

**2. Trusopplæring.** Kyrkja sitt ansvar for overlevering av kristen kunnskap i Bykle-, Valle og Hylestad sokn, er avhengig av at heim, tilsette, sokneråd og friviljuge utviklar møtestader der barn og unge får næring til tru og livsmestring. De er i gang. Ta vare på det ungdomsarbeidet som er i ferd med å vokse fram.

**3. Diakoni.** De har prostdiakon i 70 % som leiar det diakonale arbeidet i prostiet. Stå saman med henne. Kjemp for at stillinga blir auka til 100%. Menneska i Otredal prosti fortener det!  
*Valle kommune har løyvd midlar til å auke stillinga.*

**4. Organisering og planarbeid.** Eit godt arbeid i soknet må leiast. Fortsett prosessen om tettare organisatorisk samarbeid som dei to sokneråda har sett i gang. Husk; Målet er å bygge fellesskap!

**5. Til Valle og Hylestad.** Følg opp samarbeidet med kommunen om nye kontor og møterom i det nye biblioteket. *Valle og Hylestad sokneråd har eit godt samarbeid med kommunen om kyrkjestoge og kyrkjekontor.*

**6. Kyrkja og kommunen.** Samstundes som eg stadfestar dei allereie gode relasjonane mellom kyrkja og kommunane, er det viktig å ha faste møtepunkt mellom kyrkjevevje og rådmann. Det er fint å sjå kor godt kyrkjer og kyrkjegarder er tekne vare på. Eg ber begge kommunane sjå etter moglegheiter når søknaden kjem om å auke prostidiakonen si stilling. *Valle og Hylestad sokneråd har no jamne møte med leiinga i kommunen.*

**7. Kyrkja og skulen.** Samarbeidet mellom kyrkja og skulen har lange og gode tradisjonar her. Møtet med skulen og barnehagen viste at dei gamle planane for samarbeidet treng revisjon. Ikkje gløym det, sjølv om soknepresten sluttar.

**8. Kyrkja og lokalsamfunnet elles.** Eg har møtt eit kulturliv utan sidestykke. For meg ser det ut som om kyrkja er ein naturleg samarbeidspartnar for det lokale kulturlivet. Ta vare på det, og sørg for at det utviklast stadig meir.



## **Takk**

Det er mange som bør takkast for god innsats i kyrkjelyden i 2017. Valle og Hylestad sokn har ein liten stab, og er heilt avhengig av innsats frå frivilljuge. Mange har gjort ein god jobb for sundagsskule, familiekor, kyrkjekaffi, som kyrkjevertar og anna.

Takk til medlemene i soknerådet for jobben dei har gjort i møte, ulike utval og andre oppgåver. Takk også for engasjement og innsats frå dei tilsette.

Soknerådet vil og takke Valle kommune for godt samarbeid. Rådet har ein tenesteytingsavtale med kommunen som dekkjer vedlikehald og arbeid på kyrkjegarden. Vi er veldig glade for at Dreng Rike er tilbake som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar . Til sist, men ikkje minst, Valle sparebank for økonomisk støtte til konsertar og kyrkjelydsarbeid.

## Visitasforedrag Valle og Bykle 12.februar 2017

### INNLEIING

Kjære kyrkjelydar!

Nåde vere med dykk, og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Siste visitas i Bykle-, Valle og Hylestad sokn var i 2006. Same året blei Hylestad og Valle sokn slått saman. Mykje har hendt i samfunnet sidan den gang. Og mykje har hendt i kyrkja.

På nasjonalt plan er kyrkja skild frå staten. Den norske kyrkja står no fram som ei sjølvstendig folkekyrkje. I dei seinaste åra har me gjennomført store reformer som gudstenestereforma og trusopplæringsreforma. Begge har vore krevjande for kyrkjelydane. Men eg har òg sett, høyrte og blitt inspirert når de fortel kva det til dømes har ført til på ungdomssektoren her hos dykk. Vidare er buplikta for prestar oppheva. Eg veit òg at kyrkjelydane her har merkt den uroa som kyrkjemøtet sitt vedtak om liturgi for likekjønna vigsel har ført med seg. Så det har skjedd mykje på få år.

Eg har gledd meg til å vere saman med dykk. For ein visitas opnar for ein djupare kjennskap til kyrkjelyd og samfunn. Takk for at de har lukka meg inn i dykkar utfordringar og moglegheiter. Kyrkja vår har òg fått nytt visitasreglement. Den viktigaste endringa er å streke under at visitasen er ein synlig del av det tilsynet eg utøver overfor den lokale kyrkja.

Det har vore viktige dagar saman med dykk. Eg ber om at visitasen må bli til inspirasjon i arbeidet vidare.

### FØREBUING

Ein visitas er meir enn at biskopen besøker kyrkjelyden ei lita veke. I forkant av visitasen leverer soknepresten, saman med kyrkjevevjerer og råd, ei visitasmelding. Det er ein omtale og ei vurdering av kva som har skjedd sidan sist visitas, og av situasjonen i dag. Eg oppmodar kyrkjelyden til å lese denne meldinga. Det er eit offentleg dokument. I tillegg er det eit informativt og velskreve dokument som de har all grunn til å vere stolte av. Eg har sett korleis de har brukt meldinga aktivt i møte med kyrkjelyden og det offentlege under visitasen.

Vidare har rådgjevarane ved bispedømekontoret, Geir Myre og Dag Arnulf Kvarstein, saman med kyrkjevevjerene, vore innom alle kyrkjene og kyrkjegardane og levert synfaringsrapport, «Synfaringsrapport frå kyrkjene i Valle og Bykle».

Prost Gunnar Ellingsen har hatt kontorvisitas og levert rapport til biskopen. Prost Gunnar er prosjektleiar for visitasen.

Frå bispedømekontoret har kyrkjefagsjef Arve Nilsen vore med. Han vil støtte prosten når han følgjer opp visitasen.

## **GJENNOMFØRING**

### **MØTE MED KYRKJESTABEN**

Eg forsøker alltid å starte ein visitas med å møte dei tilsette. Slik òg denne gang. På onsdag møtte eg staben i Valle og Hylestad. Det er viktig for meg å understreke kor viktige alle dei tilsette medarbeidarane i kyrkjelyden er. Dei er ein ressurs saman med råd og frivillige, som vi ikkje må gløyme. Tvert imot, vi skal ta dei med i våre bønner og støtte dei i deira arbeid.

Soknepresten og kyrkjevevja ønskte velkomen før prosten gjekk gjennom visitasen post for post.

I tillegg til å møte staben samla, har eg i løpet av visitasen samtaler med den enkelte. Dei som er vigsla, slik som prest og diakon, må ha ein samtale med meg. Andre tilsette og friviljuge får ein moglegheit.

Vi kan dele ein visitas i to, - to områder som er heilt knytt saman i kvarandre.

Den første delen handlar om den lokale kyrkjelyden og kyrkjelyden sitt arbeid drive av tilsette, råd og andre friviljuge.

Den andre delen handlar om kyrkja og samfunnet. Det handlar blant anna om forholdet mellom «Kyrkja og skulen» og mellom «Kyrkja og kommunen».

### **DEN LOKALE KYRKJELYD.**

Eg startar med den lokale kyrkjelyden. Eg har møtt begge sokneråda, vore på sjukeheimen, innom alle kyrkjene, fått presentert kyrkjelyden sitt arbeid innanfor trusopplæring, og blitt orientert om prosessen som er satt i gang i staben.

### **SOKNERÅDET**

Eg starter med sokneråda. Dei er viktige for kyrkja. Derfor er det viktig for meg å møte dykk. Det er sokneråda som legg planar og strategi for kyrkjelyden.

Eg høyrde spent på når de orienterte om arbeidet rundt trusopplæring, prosessen som er sett i gang om samarbeid og organisering mellom stab og råd, diakoni, gudstenester, musikk og kultur. De har mange oppgåver. Eg ser at de jobbar godt.

Samstundes vil eg seie til dykk som ikkje sit i soknerådet: Ver taknemlege for dei som har teke på seg den oppgåva. Ta dei med i dykkar bønner. Støtt dei. Tal vel om dei. Ikkje tenk om råda at det er "dei i rådet", men sei til dykk sjølv og til andre, me i kyrkja er så heldige at me har råd som vil vekkje og nære det kristne livet i våre kyrkjelydar. Me vil stå saman med dykk.

## **DIAKONI**

De er blant dei heldige som har del i den diakonale kompetansen og innsatsen som prostidiakonen representerer. Eg veit at det i dalen blir arbeidd for å auke hennar stilling til 100%. Eg håpar de er med på det.

Diakoni er mykje. Det er at vi gjennom kyrkja rekk ut armene våre til kvarandre. Særleg til dei som heile tida, eller i situasjonar, treng ei hand å halde i. Jesus seier direkte; «Det de gjer mot ein av mine minste små, gjer de mot meg».

Eg møtte det diakonale arbeidet dykkar blant anna gjennom andakten på Valle sjukeheim. Når menneske ikkje kan kome til kyrkja, må kyrkja gå til dei. Leiar for pleie og omsorg, Solveig Kyrvestad, tok i mot og ønskte oss velkomen før sokneprest og organist tok over. Andakten som eg hadde, skal de sleppe å høyre ein gong til.

Eg definerer også middagen på den internasjonale kafeen i Valle som diakoni. Det å ta seg av framande har, heilt frå gammaltestamentleg tid, vore ein naturleg del der samfunnet bygger på Guds bod og føreskrifter. Denne gongen var det vel meir at våre nye landsmenn tok seg av oss. Vi både såg og smakte den rikdom våre nye landsmenn gjev.

## **TRUSOPPLÆRING**

Skulen er ikkje ansvarleg for trusopplæring i kyrkja vår. Skulen skal formidle kunnskap om kristendommen. Opplæring til tru er det enkelte kyrkjesamfunn sitt ansvar.

Eg har særleg merkt meg arbeidet blant dei unge. Kyrkja vår har ei stor utfordring når det gjeld arbeid frå konfirmasjon og oppover. Saman med Martin Wikstøl, ungdomsleiaren dykkar, bygger de kyrkjelyd i den aldersgruppa òg. Eg høyrde om skulelag, om KRIK, fotballtrening og kveldar for ungdom, eller kanskje eg skal seie «Pizza – Halleluja!»

I følge plan for trusopplæring, har alle våre døypte rett til undervisning i og til den kristne trua. Tradisjonelt har det i hovudsak vore knytt til konfirmasjonen. Eg har òg møtt konfirmantane frå Bykle, Valle og Hylestad i Valle kyrkje. Dei utfordra meg til ein samtale om liv, om tru og om tvil. Det var ein reflektert gjeng med konfirmantar eg møtte. Trusopplæring er eit felles ansvar mellom foreldre, fadarar og kyrkjelyd. I dag er det ein av kyrkja sine store utfordringar. Lykke til vidare!

## **KYRKJENE**

Eg har vore innom Hylestad-, Valle-, Fjellgardane- og Bykle gamle kyrkje. I dag feirar vi messe her i Bykle nye kyrkje. Kyrkjene dykkar er som vakre smykke. Eg ser at kyrkjevevjer og kommunar tek godt vare på dei, og held desse smykkene i god stand.

Kyrkjene er viktige kulturskattar. Men først og framst er dei kyrkjelyden sitt gudshus. Huset der menneskjer kan møte Gud og kvarandre både i glede og sorg.

Visitasmeldinga seier at for Valle kyrkje er det sett ned eit utval for å gjere Valle kyrkje meir egna til fleirbruk. Eg ser at kyrkja treng rom i tillegg til kyrkjerommet. Me treng rom til foreiningar og lag, undervisning og andre samlingar. Difor vil eg spent følge med i samarbeidet med kommunen om forsamlingslokale knytt til det nye biblioteket og om kva løysingar de finn knytt til sjølve kyrkja.

## **GUDSTENESTELIVET**

Ein levande kyrkjelyd vil alltid arbeide med sine gudstenester. De har etterlyst fleire gudstenester. Det sett eg stor pris på. Det tyder at de er ein kyrkjelyd som vil Guds rike blant dykk. Dei siste årane har de auka kyrkja sitt nærvær på Hovden i påska gjennom gudstenester i det fri og i Fjellgardane kyrkje. Like eins har kyrkja vore open med kaffi og vaflar. Me har drøfta klokkeslett for gudstenesta, om kor mange gudstenester det skal vere, og innhald i gudstenesta. Me har snakka om kor vanskelig det er å venne seg til tanken om at gudstenesta i nabokyrkja er min gudsteneste òg.

## **TILSETTE**

Eg har som sagt samtale med dei tilsette. Dei er ein viktig ressurs. Eg har lyst å seie, at desse dagane saman med dykk gjer at eg ser framover med frimod, og eg er trygg på at kyrkja kan gå framtida i møte med håp.

## **KYRKJA OG SAMFUNNET**

Eg starter med **KYRKJA OG KOMMUNEN**

Som vanleg i ein visitas var det lagt inn møte med kommunen. På onsdag åt eg lunsj saman med leiinga i Valle kommune. Eg møtte ordførar Steinar Kyrvestad, varaordførar Knut Hagen, rådmann Eivind Berg, leiar for pleie og omsorg Solveig Kyrvestad og økonomisjef Wenche Gundersen. Frå kyrkja møtte kyrkjevevjerje, sokneprest, prostidiakon, kyrkjetenar, leiar av soknerådet, prost og oss frå bispedømekontoret.

Ordførar ønskte velkomen og strekte under kyrkja sitt ansvar som samfunnsbyggjar og formidlar av kultur. Samstundes gav han meg eit glimt inn i Valle kommune sine utfordringar og moglegheiter.

Eg har sett at kommunen og kyrkja har gode relasjonar. Men eg er samd med visitasmeldinga som etterlyser regelmessige møte mellom kommune og fellelråd.

Elles var me inno mangel på rom for undervisning og andre møte, i tillegg til sjølve kyrkja. Me snakka om forholdet kyrkje/kommune etter at kyrkja har fått ei fri stilling i forhold til staten. Me snakka saman om diakonien si viktige oppgåve i samfunnet i dag.

På torsdag møtte eg leiinga i Bykle kommune. Eg møtte ordførar John Rolf Næss, rådmann Tallak Hoslemo, leiar for pleie og omsorg, Vidar Johnsen, leiar for kulturformidling, Helga Jacobsen, rektor Askild Johnsen, tenesteleiar Rønnaug Torvik og leiar for barnehagane, Kristin Hoslemo. Frå kyrkja møtte kyrkjevevjerja, sokneprest, prostidiakon, ungdomsleiar, kyrkjetener, leiar av soknerådet, prost og oss frå bispekontoret.

Ordføraren tok i mot oss og gav ein kort presentasjon av kommunen. Han oppmoda til samarbeid. I eit samfunn der det ser ut til at avstanden mellom menneske stadig aukar, blir kyrkja si rolle berre viktigare.

Denne flotte kyrkja (Bykle nye kyrkje) er eit godt teikn på samarbeid, og at kommunen tek ansvar. Møtet med den kommunale leiinga viste at òg her kan eg stadfeste dei gode relasjonane.

Eg vil gjerne streke under noko av det som kom fram i samtalen med kommunen. Det er viktig at kyrkja ikkje blir gløymd som samarbeidspartnar. Sjølv om banda til staten er endra, er kyrkja framleis ei kommunekyrkje. Me snakka om diakoni og om prostidiakonen si stilling. Me snakka om plan for samarbeidet kyrkje/skule og barnehage. Me snakka om rett til eiga utøving av tru for dei som bur i institusjon.

Me var innom mykje. Eg spør ut frå statistikken og av erfaring frå andre vintersportstader: "Har de funne dei beste dagane og klokkesletta for messa og andre arrangement?" Det var eit spørsmål som òg kom opp då eg møtte representantar for kommune og turistnæringa i dalen.

I møte med kommunen blir det ofte ein del snakk om økonomi. Ingen kommunar, sjølv ikkje kraftkommunar, har overflod med pengar. Det store temaet var likevel korleis kyrkja og kommunen saman kan vere til beste for lokalsamfunnet. Samtalen viste at det er eit felles mål å vere til stades slik at både Valle og Bykle fortsatt kan vere gode kommunar å bu i og å vokse opp i. Det blei i begge kommunane orientert om det arbeidet dei to sokneråda har sett i gang for å sjå om det er fordelar å hente i eit organisatorisk tettare samarbeid mellom dei to råda.

Er ein på visitas i Valle og Bykle, kjem ein ikkje utanom KYRKJA OG TURISTANE. På torsdag var det òg eit møte på Hovden Fjellstoge der eg møtte både den lokale kyrkja, kommunen og representantar for turistnæringa. Eg trur det er store moglegheiter til å finne gode løysningar til beste for alle partar. Eg opplevde stor og positiv vilje til samarbeid. Lykke til!

Som neste punkt under kyrkja og samfunnet har eg sett opp KYRKJA OG SKULEN.

## **KYRKJA OG SKULEN**

Allereie i visitasmeldinga såg eg det gode forholdet mellom kyrkja og skule/barnehage.

Eg har under visitasen møtt barn og tilsette ved Valle barnehage. Der viste eg blant anna denne flotte bispekåpa.

Likeeins møtte eg elevar og tilsette ved sylvsmedlinja ved Valle vidaregåande. Det blei eit spanande møte. Eg lærte mykje om sylvsmedfaget, og ikkje minst om handel med gull, edelsteinar og andre kostbare metall. Eg hadde ikkje høyrd om "fair trade" gull eller økologisk gull. Det var spanande å få eit innblikk i etikkundervisning retta mot sylvsmedfaget. Så vonar eg at nokre av dei eg møtte, ein gong får i oppdrag å lage kyrkjesylv.

På Bykle skule møtte eg elevar i 10. klasse til samtale og spørsmål. Her er nokre av spørsmåla eg fekk: Kva er ein visitas? Kva betyr det at du har ei vigsla stilling? Når bestemte du deg for å bli prest? Kva er sjelesorg? Kva er det beste med å vere biskop? Kva er eit embete? Kva betyr det at staten ikkje lenger eig kyrkja? Kva skjer på eit kyrkjemøte? Kva synast du om likekjønna vigsel? Korleis stiller du deg til evolusjonsteorien? Korleis kan Gud tillate det vonde i verda?

Seinare på dagen møtte eg tilsette ved Bykle skule. Tenesteleiar Rønnaug Torvik tok imot og innleia til samtale. Me snakka om dei moglegheitene og dei hinder me har i dag i samarbeidet. Slik eg ser det, er moglegheitene fleire enn hindringane. Det handlar om at både kyrkja og skulen veit kva ein kan, og

kva ein ikkje kan, og respekterer det.

Eg ser at det er gode tradisjonar for samarbeidet skule/kyrkje. Men den lokale planen for samarbeidet er gamal. Den treng revisjon.

Så må eg tilbake til siste programpost på onsdagskvelden. KULTURKVELD i Storstoga i Valle.

Det var eit møte med lokal kultur og rikdom som eg ikkje har møtt tidligare som biskop, trur eg. Alle desse stilte opp gratis: Bjørgulv Sverdrup Lund, Kjetil C. Jore, Martin Wikstøl, Hallvard T. Bjørgum, Gunnar Stubseid, Øystein Kikut, Bjarne Tveiten, Sigurd Brokke, Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Kirsten Bråten Berg, Sigrid K Jore, Henrik West, Else Gyro Rysstad og frå Kirkens Nødhjelp Roald Guttormsen. Tusen takk. De som ikkje var der, gjekk glipp av noko stort!

## **AVSLUTNING**

Eg dreg frå visitasen i Valle og Hylestad og Bykle fylt med takk, og eg helse dykk med Paulus sine ord til kyrkjelyden i Tessaloniki: *Vi takkar alltid Gud for dykk alle når vi nemner dykk i bønene våre. For vår Gud og Fars andlet hugsar vi stadig korleis trua dykkar viser seg i gjerning, kjærleiken i arbeid og vona til vår Herre Jesus Kristus i tolmod.*(1.Tess.1.2-3)

Agder og Telemark bispestol 12.februar 2017

Stein Reinertsen, biskop

## **REFERAT FRÅ VISITAS I**

### **BYKLE- OG VALLE OG HYLESTAD SOKN**

**08.-12. FEBRUAR 2017**

**ONSDAG 8. FEBRUAR**

#### **KI.09.30 SØLVGARDEN - OPNINGSMØTE**

Til stades: Sokneprest Terje Seilskjær, organist Henrik West, kyrkjesjef / kyrkjelydsarbeidar Anne Kirsten Ringstad, prostidiakon Anne Heggland, ungdomsleiar/trusopplærar Martin Wikstøl, klokkar/kyrkjetenar Karin Bøe, biskop Stein Reinertsen, prost Gunnar Ellingsen og kyrkjefagsjef Arve Nilsen.

Sokneprest og kyrkjesjef ønskte velkomen til Valle og til visitasen i Bykle- og Valle og Hylestad sokn. Prosten gjekk deretter gjennom visitasen, programpost for programpost. Det blei og tid til ei lita omvising i sølvsmia på Sølvgården.

#### **KI.10.00 HYLESTAD KYRKJE - BESØK**

Biskopen har som mål å vere innoom alle kyrkjene i sokna i løpet av ein visitas. Kyrkjene er viktige kulturskattar. Men først og framst er dei kyrkjelyden sitt gudshus. Huset der menneske kan møte Gud og kvarandre både i glede og sorg. Kyrkjene, både i Bykle og Valle, viser at kommunane følgjer opp sitt ansvar.

Kyrkjesjefen gav biskopen ei kort orientering om kyrkja og Hylestadportalane.

### **KI.10.15 HYLESTAD BARNEHAGE**

Pedagogisk leiar Caroline Rysstad tok imot. Barna framførte ei barneregle før biskopen viste og fortalde barna om prestekjolen, bispekåpa og bispekrossen.

### **KI.11.00 VALLE SJUKEHEIM, DAGSENER - ANDAKT**

Leiar for pleie og omsorg, Solveig Kyrvestad, tok i mot biskopen og orienterte kort om sjukeheimen, og om det gode samarbeidet mellom sjukeheimen og kyrkja. Soknepresten og organisten har faste andaktar. Både bebuarar og folk frå bygda var møtt fram.

Biskopen takka for at han fekk kome. Han starta andakten med å spørje; «Kva skapar glede i liva våre?» Han svarte sjølv og sa; «Jau, når vi møter godheit!» Så leste han teksten om den lamme mannen som fire mann bar til Jesus. Men sidan dei

ikkje kunne koma fram til han for alt folket, braut dei opp taket over der Jesus var og firte ned den lamme. Den lamme møtte godheit gjennom vennene som bar, og hos Jesus som tok imot og gav han både tilgjeving og helse.

### **KI.12.00 VALLE VIDEREGÅANDE - SØLVSMEDLINJE**

Biskopen blei motteken av rektor Birgit Attestog og avdelingsleiar Ewald Assmann. Dei gav ei orientering om skulen og utdanninga for å bli gullsmed.

Etterpå fekk biskopen møte elevane i verkstadane/klasseromma. Til slutt hadde skulen lagt opp ein time om yrkesetikk, relatert til gullsmedyrket. Det handla om generelle etiske utfordringar som pris for utført arbeid, og spesielle utfordringar knytte til handel med eldelsteinar og edelt metall. Til dømes, kor kjem edelsteinane frå? I dag finns det fair trade-gull og økologisk gull, ut frå korleis gullet vert produsert. Men det meste av verda sitt gull har si historie bunde opp til utnytting og blod.

Biskopen takka for eit særskilt utfordrande møte med etiske spørsmål og arbeidsliv. I tillegg til å ha lært mykje nytt, likte han at skulen opna for diskusjon om yrkesetikk.

### **KI.12.45 VALLE KYRKJE - BESØK**

Besøket i Valle kyrke blei utsett til konfirmanttime seinare på dagen.

### **KI.13.00 VALLE KOMMUNEHUS - LUNSJ OG MØTE MED ORDFØRAR**

Frå kommunen møtte: Ordførar Steinar Kyrvestad, varaordførar Knut Hagen, rådmann Eivind Berg, leiar for pleie og omsorg, Solveig Kyrvestad, og økonomisjef Wenche Gundersen.

Frå kyrkja møtte: Biskop Stein Reinertsen, kyrkjesjef/kyrkjelydsarbeidar Anne Kirsten Ringstad, sokneprest Terje Seilskjær, prostidiakon Anna Heggland, kyrkjetenar Karin Bøe, leiar av soknerådet Astrid Nomeland, prost Gunnar Ellingsen og kyrkjefagsjef Arve Nilsen.

Ordførar ønskte velkomen og understrekte kyrkja sitt ansvar som samfunnsbyggjar og formidlar av kultur. Han gav eit glimt inn i Valle kommune sine utfordringar og moglegheiter, medan vi åt lunsj saman. Valle kommune er ein kraftkommune med store verneområde. Takka vere nye landsmenn er innbyggartalet stabilt. Det er no ca 20% i barnehagen og 30% i skulen som ikkje er etnisk norske.

Både representantar frå kommunen og den lokale kyrkja stadfesta at kommunen og kyrkja har gode relasjonar.

I samtalen var ein innom følgjande tema:

- Regelmessige møte mellom kommune og kyrkjeleg fellesråd.

- Kyrkjelyden manglar andre lokale i tillegg til kyrkjeshuset, til dømes for undervisning og andre samvær.
- Plan om samlokalisering med nytt bibliotek blei presentert.
- Den norske kyrkja (Dnk) som fri folkekyrkje. Biskopen orienterte om at Dnk etter skillet frå staten, framleis vil være ei «kommunekyrkje». Kommunen sitt økonomiske ansvar er ikkje endra.
- Diakoni. Biskopen understrekte kor viktig diakonien er. Slik følgde han opp ordføraren som understrekte at kyrkja framleis vil vere ein samfunnsbyggjar. Biskopen presenterte arbeidet med å auke prostidiakonstillinga til 100%, og at også Valle kommune ville bli utfordra i den samanhengen.
- Kyrkjesjefen orienterte om trusopplæringa i soknet.
- Det blei orientert om arbeidet dei to sokneråda har sett i gang for å sjå om det er fordelar å hente i eit organisatorisk tettare samarbeid mellom dei to råda.

#### **KI.14.45 VALLE KYRKJE - KONFIRMANTAR**

Etter ei kort orientering om kyrkja, møtte biskopen konfirmantane frå Bykle og Valle. Konfirmantlærar Martin Wikstøl trakk biskopen inn i leik og samtale. Konfirmantane hadde følgjande spørsmål: Kva vil det seie å vere biskop? Korfor dreg du på visitas? Har du alltid drøymt om å bli biskop? Kva gjer du for å få unge til gudstenesta? Har du køyrd snøskutar? Ber du? Kvifor blei du ein kristen? Er personar som døyr, gamle eller unge i himmelen? Korleis blir Gud framstilt, person, lys, kraft eller noko anna? Held du alt i Bibelen? Kva synast du om at homofile får gifte seg i kyrkja? Når har du bursdag? Dersom Gud skapte jorda, kven skapte då Gud? Når blei den første kyrkja bygd? Har du ein hobby? Gud vil menneskja det gode, kvifor kjem nokon til helvete då? Kva slags musikk likar du?

#### **KI.15.30 SAMTALE M/ SOKNEPREST**

#### **KI.16.00 VALLE MEINIGHEITSHUS - INTERNASJONAL KAFE**

Valle har som ordføraren sa eit stort innslag av innvandrarar. I samband med visitasen var dei utfordra til å stå for middagen. Dei inviterte opent til «Internasjonal kafé». Mange fekk både sjå og smake den rikdom våre nye landsmenn kan tilføre våre lokalsamfunn. Her var blant anna matrettar frå Syria, Eritrea/Sudan og Burma.

#### **KI.17.00 SAMTALE MED TILSETTE**

#### **KI.18.00 STORSTOGA - KULTURKVELD**

Onsdagen blei avslutta med ein stor kulturkveld i bygda si storstoge. I referatet tek vi med noko av det biskopen sa i visitasføredraget sitt: «Det var eit møte med lokal kultur og rikdom som eg ikkje har møtt tidligare som biskop, trur eg. Alle desse stilte opp gratis: Bjørgulv Sverdrup Lund, Kjetil C. Jore, Martin Wikstøl, Hallvard T. Bjørgum, Gunnar Stubseid, Øystein Kikut, Bjarne Tveiten, Sigurd Brokke, Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Kirsten Bråten Berg, Sigrid K Jore, Henrik West, Else Gyro Rysstad og frå Kirkens Nødhjelp Roald Guttormsen. Tusen takk. De som ikkje var der, gjekk glipp av noko stort!»

Kyrkje, kultur og tradisjon er i øvre del av Setesdalen vevd saman på ein måte som ein må oppleve for å forstå. Ikkje minst gjeld det salmetradisjonar og annan musikk. Kulturkvelden var eit mektig oppleving av det.

## **TORS DAG 9. FEBRUAR**

### **KI.09.00 HOVDEN FJELLSTOGE - MØTE MED TURISTNÆRINGA**

Ein viktig programpost i visitasen var spørsmålet om kyrkja og turistane. Korleis vere kyrkje i møte med weekendsamfunnet? Det er ei utfordring for kyrkja. Både dåp og vigsel vert oftare knytt til feriestaden. Bruk av kyrkja vil auke etter som stadig fleir vil bruke meir og meir av si tid på hytta, i følge ordførar John Rolf Næss.

Torsdagen starta med frukostmøte på Hovden Fjellstoge. Kyrkjevevje Tor Hallvard Mosdøl ønskte velkomen og prosten leia samtalen. Biskopen møtte den lokale kyrkja, kommunen og representantar for turistnæringa. (Det var så mange til stades at ein fekk ikkje namn og kva dei representerte med i referatet) Det var ein positiv vilje til samarbeid. Alle partar såg at dei var avhengige av kvarandre.

Frå kyrkja si side handlar det om å leggje til rette, slik at dei som dreg til fjells òg får mogelegheit til å kome til messe. Då handlat det både om kyrkjeleg betening og om praktiske spørsmål som klokkeslett for messa. Dei seinaste åra har prosten vore pàskeprest på Hovden. Det har fungert bra.

Mange idear var framme. Alle partar var einige om å fortsette samtale for å finne lokale ordningar til beste for alle, ikkje minst turistane.

### **KI.10.30 FJELLGARDANE KYRKJE - BESØK**

Leiar av Bykle sokneråd, Else Gyro Rysstad, viste biskopen rundt i kyrkja.

### **KI.11.15 BYKLE SKULE - MØTE ELAVANE 10.KLASSE**

På Bykle skule møtte biskopen elevar i 10. klasse til samtale og spørsmål. Her er nokre av spørsmåla biskopen fekk: Kva er ein visitas? Kva betyr det at du har ei vigsla stilling? Når bestemte du deg for å bli prest? Kva er sjelesorg? Kva er det beste med å vere biskop? Kva er eit embete? Kva betyr det at staten ikkje lenger eig kyrkja? Kva skjer på eit kyrkjemøte? Kva synast du om likekjønna vigsel? Korleis stiller du deg til evolusjonsteorien? Korleis kan Gud tillate det vonde i verda?

### **KI.12.00 BYKLE KOMMUNEHUS LUNSJ OG MØTE MED ORDFØRAR**

Frå kommunen møtte: ordførar John Rolf Næss, rådmann Tallak Hoslemo, leiar for pleie og omsorg Vidar Johnsen, leiar for kulturformidling Helga Jacobsen, rektor Askild Johnsen, tenesteleiar Rønnaug Torvik og leiar for barnehagane Kristin Hoslemo.

Frå kyrkja møtte: Biskop Stein Reinertsen, kyrkjevevje/kyrkjelydsarbeidar Tor Hallvard Mosdøl, sokneprest Terje Seilskjær, prostidiakon Anna Heggland, ungdomsleiar/ trusopplærar Martin Wikstøl, kyrkjetener Karin Bøe, leiar av soknerådet Else Gyro Rysstad, prost Gunnar Ellingsen og kyrkjefagsjef Arve Nilsen.

Ordføraren tok imot. Han gav ein kort presentasjon av kommunen og oppmoda til samarbeid. Bykle er antakeleg den kommunen som til tider har den største forskjellen i folketall mellom fastbuande og turistar. Han sa vidare at i eit samfunn der det ser ut til at avstanden mellom menneske stadig aukar, blir kyrkja si rolle berre viktigare.

Biskopen takka for at kommunen tok imot. Han viste til Bykle nye kyrkje som eit godt døme på samarbeid, og at kommunen tek ansvar. Møtet med den kommunale leiinga stadfesta dei gode relasjonane.

Følgjande tema var framme i samtalen:

- Dnk som fri folkekyrkje. Sjølv om banda til staten er endra, er kyrkja framleis ei kommunekyrkje, der kommunen har økonomisk ansvar overfor kyrkja. I den samanhengen kom det fram behov for å revidere tenesteytingsavtalen.
- Diakoni og prostidiakonen si stilling. Biskopen oppmoda til å sjå positivt på ein søknad om å auke prostidiakonen si stilling. Ordførar var ikkje framand for det.
- Plan for samarbeidet kyrkje/skule og barnehage. Representantar for skuleleiinga meinte at gjeldane plan var moden for revisjon.
- Rett til eiga utøving av tru for dei som bur i institusjon.
- Kyrkja og turistane. Spørsmålet om ein har funne dei beste dagane og klokkesletta for gudstenesta og andre arrangement i høgsesongar som jul, vinterferie og påske, blei drøfta. Kyrkja vil sjå på den utfordringa ein gong til.

Kyrkjeverja orienterte også om det arbeidet dei to sokneråda har sett i gang for å sjå om det er fordelar å hente i eit organisatorisk tettare samarbeid mellom dei to råda.

For både Valle- og Bykle kommunar gjeld at det i møte med kommunen ofte blir ein del snakk om økonomi. Ingen kommunar, sjølv ikkje kraftkommunar, har overflod med pengar. Det store temaet var likevel korleis kyrkja og kommunen saman kan vere til beste for lokalsamfunnet. Det er eit felles mål å vere til stades slik at både Valle og Bykle framleis kan vere gode kommunar å bu i og å vokse opp i.

#### **KI.14.00 BYKLE GAMLE OG NYE KYRKJER - BESØK**

Konservator Leonhard Bjarne Jansen frå Setesdalsmuseet orienterte om Bykle gamle kyrkje.

#### **KI.14.50 BYKLE SKULE - MØTE MED TILSETTE**

Tenesteleiar Rønnaug Torvik tok imot og innleia til samtale. Biskopen orienterte om dei moglegheitene og dei hinder dagens lovverk inneber. Det gjeld at både kyrkja og skulen veit kva ein kan, og kva ein ikkje kan, og respekterer det. Skulen er ikkje ansvarleg for trusopplæring i kyrkja. Skulen skal formidle kunnskap om kristendommen. Opplæring til tru er det enkelte kyrkjesamfunn sitt ansvar.

Det var samje om å sjå på dei gamle planane for samarbeid og at det trengs revisjon.

#### **KI.15.30 BYKLE NYE KYRKJE - SAMTALE MED TILSETTE**

#### **KI.16.15 BYKLE NYE KYRKJE - MØTE MED STAB**

Biskopen ønskjer å møte staben i løpet av en visitas. Det er viktig for han å takke for jobben dei gjer og understreke den ressursen dei er.

Følgande tre saker blei drøfta:

- Prosessen som har som mål å bygge fellesskapet i kyrkjelydande ved meir organisatorisk samarbeid mellom dei to sokneråda.
- Trusopplæring. Tilførte midlar til små sokn strekk ofte ikkje til. Dei to sokna har vald å satse på friviljuge og på samarbeid. Dei har òg tilsett ungdomsarbeidar. Han er med i konfirmantopplæringa. Det er no aktivitetar slik som Krik, ungdomskveldar eller skulelag for ungdom i begge sokn.
- Gudstenesta. Det blei diskutert kor vanskeleg det er å gå til gudsteneste i nabosoknet. Likeeins var dagar og klokkeslett i turist sesongane kommenterte.

### **KI.17.00 BYKLE HOTELL - MØTE MED DEI TO SOKNERÅDA**

Torsdag blei avslutta med middag saman med dei to sokneråda og tilsette på Bykle hotell. Sokneråda er viktige for kyrkja og den lokale kyrkjelyden. Det er sokneråda som legg lokale planar og strategi. Leiar for Bykle sokneråd, Else Gyro Rysstad, leia kvelden.

Sokneråda hadde vald tre saker dei ønskte å samtale med biskopen om.

Trusopplæring. Trusopplæring er ein av dei viktige oppgåvene for vår kyrkje. Det er kyrkja sitt ansvar å lære sine døypte medlemmer i den kristne tru. Det er viktig å samarbeide. Mange av trusopplæringa sine breddetiltak, som «Lys vaken» og «Tårnagentar» krev mykje ressursar. Samarbeidet om ungdomsleiarstillinga syner vilje til samarbeid, og syner dessutan at det gjev ei god utnytting av ressursar. Men tilsette vil aldri kunne dekke alt. Trusopplæringa vil alltid måtte vere eit samarbeid mellom heimen, dei tilsette og friviljuge i kyrkja.

Organisatorisk samarbeidsprosjekt mellom dei to sokneråda. Målet er meir kyrkje og arbeid i kyrkjelydane, og mindre til administrasjon.

Gudstenestelivet: Sokneråda ønskte fleire gudstenester. Biskopen sa at det viser ein kyrkjelyd som vil Guds rike. Dei siste åra har kyrkja auka sitt nærvær på Hovden i påska, ved at prosten har vore der som påskeprest. Kyrkja har til dømes vore open - med kaffi og vaflar. Her blei det òg drøfta klokkeslett for gudstenesta, om kor mange gudstenester det skal vere, og innhald i gudstenesta. Råda snakka ærleg om korleis tradisjon gjorde at ein ikkje tenkte på gudstenesta i nabokyrkja som si gudsteneste. Biskopen kunne ikkje love meir presteressurs. Den økonomiske situasjonen i bispedømmet er slik at ein må kutte to prestestillingar, og ha nokon lengre vakansar ved skifte av prest. Korleis det vil slå ut for Valle og Bykle, veit ein ikkje. Men det har ikkje vore aktuelt å kutte prest i øvre Setesdal.

### **SØNDAG 12. FEBRUAR**

#### **KI.11.00 BYKLE NYE KYRKJE - VISITASGUDSTENESTE M/FOREDRAG OG KYRKJEKAFFI.**

Visitastofredrag sjå eige dokument. Ikkje referat frå søndagen.



# REFORMASJON 500 år

## Arrangement i Bykle og Valle 1517-2017

**Onsdag 22. mars kl. 19.30 i Spelestoga i Valle**

Songkveld med forfatter og musiker Tore Thomassen om reformatoren Martin Luthers liv og salmar

*Arr. saman med Valle Folkeakademi, Valle Bygdekvinneag og Valle Pensjonistforening.*



**Måndag 24. april kl. 18.30 i Bykle samfunnshus**

Framsyning av Luther-filmen (ca. 2 timer)

**Torsdag 21. september kl. 19.30  
i Bykle kyrkje, møtesalen**

Foredrag med prof. Anders Aschim  
frå Høgskulen i Volda om  
"Det lutherske i det nasjonale"



**Tysdag 10. oktober kl. 19.30 i Kommunestyresalen i Valle**

Foredrag med Kjetil Glimsdal, ordfører i Grimstad,  
om "Luther og politikk"

*Arr. saman med Valle kommune og Valle Folkeakademi.*

**Tysdag 31. oktober kl. 19.00 i Bykle kyrkje**

Felles festgudstjeneste på reformasjonsdagen  
med song og musikk, mat og foredrag



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

*Alle er hjarteleg velkomne!  
Alle arrangementa er gratis.*

*Referent Kirkefagsjef Arve Nilsen*